



Øyvind Hatteberg frå Kvinnherad Vekstbedrift skjer ned det om lag 120 år gamle kastanjetreet i Beinavikjo.

**Ved rydding og sikring på kanten ved parkeringsplassen til Uskedalen Brygge er eit meir enn 120 år gammalt kastanjetre skore ned. Rota med eit tverrmål på over ein meter står att. Kastanjetreet er synleg på eldre bilete like tilbake til før hundreårsskifte 1900. Treet har truleg vore styvt og skore ned i fleire omgangar, sist ved sprenging og klargjering av bygging av leilegheter i Beinavikjo kring 2006.**

Kastanje med sine 12 artar høyrer til bøkefamilien og veks i tempererte strøk på den nordlege halvkule. Treet vert høgt og har trevirke og bark som kan brukast til garving. Nokre artar har nøter som kan etast.

Kastansjetreet er viltveksande og vi finn det på kysten nord til Møre. Kastanjen vert ofte brukt som prydtre i hagar og i parkar. Kastanjetreet i Beinavikjo kan vera planta. Det var kastanjetre fleire plassar i Uskedalen, mellom anna på Myklebust, på bruket der Runar Myklebust og familien bur og driv i dag.



Bit for bit vert det, som stod att av treet, løfta med kranbil ned på traktorhengaren. John Guddal styrer spakane.

Eit grunnlag for å kunna sei at kastanjetreet er eldre enn 120 år, finn vi ved fotodokumentasjon. Treet er godt synleg i tida Ivar Arnesen dreiv hermetikkfabrikk og handel i Beinavikjo fram til Concord Canning Company ( CCC ) kjøpte og tok over drifta i 1912. Familien Arnesen dreiv vidare med handel, DS ekspedisjon, telegraf og to sildoljefabrikkar.

På mange av bileta med motiv frå Neset og Kråkehaugen er kastanjetreet godt synleg i landskapet, bak hermetikkfabrikken og sjøbua, til høgre for den gamle butikken.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal  
Kjelde eldre foto: Aud Karin Løvfall



Kastanjetreet er synleg på bilete frå før 1900, bak hermetikkfabrikken og til høgre for gamlebutikken.